

Nedlegging av lokale tannklinikkar

Radøy Ungdomsråd er bekymra for konsekvensane nedlegging av tannklinikk i distrikta kan få. Sentralisering er vel og bra, men i tilfelle der dei som skal bruka dei nå sentraliserte tjenestene må flytta seg til dei, oppstår det heilt nye problemstillingar.

Visst man bestemmer seg for å legge ned tannklinikkar i distrikta, og som erstatning lage ein felles klinikk, vil den mest openbare problemstillinga vere reiseveg. Vegane i Nordhordland har nokre manglar, og reisetidene som kan resultere frå dette, vil da vere mykje lengre enn det dei ville vore om tannklinikken var i dei individuelle distriktsentra i steden. Det vil også gjøre det vanskelegare for eldre å mota tannpleie, sidan dei kan ha vanskar knyta til reiser.

Ei anna problemstilling som kan oppstå pga. sentralisering av tannhelse, er underdimensjonerte fasilitetar. Viss man samlar alle klinikkar i Nordhordland i eit eller to hus, vil man da ha potensialet til å fleire hundre pasientar samtidig. Dette kan gjøre det vanskeleg å berekne kor mykje plass man treng, og kor mange tilsette som er nødvendig.

I andre enden av dette har me også dei som jobbar på dei noverande tannklinikane. Desse personane vil ikkje lengre kunne jobbe i sitt nærmiljø, og dette kan då føre til ein større fråflytting frå distrikta, samt mindre insentiv til å flytte til dei. Dette vil då skape eit potensielt kompetansevakuum i bygder, når fleire og fleire bestemmer seg for å bo og jobbe i byar i staden.

Enda ei problemstilling som vil gjøre dette systemet mindre gunstig for yngre innbyggjarar i distrikta, er mangelen på kollektivtransport. Tilbodet er rett og slett ikkje godt nok for effektiv transport av menneske til og frå desse områda utanfor rushtida. Ta til dømes Fedje. Den kortaste reisetida derfrå til Knarvik er 1 time og 30 minutt, og til Austrheim, Sletta på Radøy er 1 time, viss man nyttar seg av kollektivtilbodet. Ungdomsrådet er bekymret over korleis dette vil påvirke elevene på skulen. Den lange reisetiden og dårlig kollektivt transport i Nordhordland kan føre til at elevene vil måtte vere borte lengre frå skulen som også kan påvirke karakterene. Born kan ikkje reise aleine, og må ha foreldre med seg. Å ta tannklinikane ut av lokalsamfunnet gjer at foresatte må ta seg fri frå jobb for å følgje borna sine eller køyre ungdommen på grunn av dårlig kollektivt transport. Me stiller då spørsmålet: korleis er dette ei god og effektiv løysning for lokalsamfunnet og innbyggerane her?

Alt i alt vil sentralisering av tannhelse skape kompetansevakuum i distrikta, lang reise for majoriteten av pasientane, unødvendig fråvær for elevar i skulen og frå foresatte frå jobb, og vanskar for eldre og fysisk utsette for i det heile tatt å få tannhelsehjelp.

Jonatan Espeland

Radøy Ungdomsråd